



Sigmund Myklebust takkar alle for god støtte, omsorg og omtanke.

**Det er snart ei veke sidan Sigmund Mykelbust vart skada i ei arbeidsulukke på Musland. Uskedalen.no har vore i kontakt med Sigmund. Han ynskjer å sei fram ei helsing der han takkar alle for god hjelp og mykje omsorg. Kona, Ingunn, og borna har alle vore i Bergen på sjukehuset. Gode vener og bygdefolk har vore innom på avdelingen. Mange har sendt helsing.**

Sigmund Myklebust fortel at ulukka var alvorleg og at alt kunne gått så mykje verre. Skaden er særleg lokalisert til armane og nevane. Ved operasjon på Plastisk kirurgisk avdeling har ein plukka ut splintrar, men noko står att i kroppen. Ei ulukke som dette fører til lyd- og lyssjokk, noko som er ein del av behandlinga.

I tillegg til det fysiske er ei eksplosjonsulukke ei stor psykisk påkjenning. Difor er Sigmund ein del av ei traumebehandling. Det er stor framgang på dei fleste område. Han søv betre og er alt no mindre var for lysglimt og lyd.

Sigmund fekk ei svært god mottaking på Haukeland. Han kan ikkje takka personalet nok for god behandling og vidare oppfølging. Han reknar med å vera utskriven i neste veke. Vidare behandling vert mellom anna gjort lokalt i Kvinnherad og med oppfølging på Haukeland sjukehus.

Sigmund seier: Takk til alle, familien, slekt, vener og bygdefolk, for støtte, omsorg og omtanke.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto